

NVE, Energi og konsesjonsavdelinga
25.aug. 2024

Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo

FRÅSEGN

Vilkårsrevisjon sak : 201913014

Underteikna meiner at følgjande punkter må utbetrast eller endast på ved vilkårsrevisjonen av Røldal-Suldal anlegga i Røldal :

1. Røldalsvatnet som ligg midt i bygda på kote 378-80, er eit utruleg viktig element både visuelt og bruksmessig for bygd og folk.
Pr. I dag er det ikkje nokon eksakt dato for når vatnet skal vera oppe på normal høgd (378). Dette bør endrast til ein bestemt dato då regulanten skal ha oppfylt dette kravet. Ut frå at vatnet ligg midt i ei levande bygd og ikkje utilgjengeleg høgt til fjells, sommarturismen blir berre viktigare og viktigare, så bør datoen setjast til tidleg i juni måned. Helst burde også LRV og HRV vore endra pga at vatnet ligg slik til midt i bygda og at reguleringshøgden er så stor – 17 meter ! 17 meter regulering av eit vatn sentralt i ei bygd er heilt spesielt i ei bygd i dagens Norge !! Så oppsummert : Oppfylling av vatnet tidlegare er eit absolutt krav frå ei samla bygd.
2. Røldalsvatnet er i vintermånadene sterkt nedsenka og då er strendene utsett for erosjon frå bekker og elvar, når det er stor vannføring. Det er sjølv sagt ikkje så ofte, men med det mildare klimaet som ein tydeleg ser konturene av , vil dette bli normalen på vinteren. Hyppigare og kraftigare mildværsperiodar blir altså normalen, seier værprognosane.
Har ved sjølv syn sett korleis dette blir (sjå vedlagte bilder frå Seimstranda 01. Mai 2021). Dette p.g.a. ein bekk som har utløp i Røldalsvatnet. Vinteren 2021 var det vedvarande sterk nedbør og mildvær i ein lang perode. Då får ein denne erosjonen av store sandmengder som blir skylt ut i vatnet. Like ved er ein annan bekk som også fører til erosjon , vinterstid og vår før vatnet er oppfylt til normal høgd.
Dette problene er nok også tilstades andre stader i bygda, me ner nok størst her på Seimsstranda.
Tiltak : Bekkene førerst i røyr ut til eit lågare nivå enn 378, slik at denne gjentakande erosjonen kan unngås.

2B. Røldalsvatnet :

Bruk av Røldalsvatnet:

Sidan Røldalsvatnet er regulert med inntil 17 meter, er bruken av dette ikkje slik som før.

Vinterstid er isen heilt ubrukeleg og farleg i den indre halvparten av vatnet. Kun i den nedre delen er isen brukandes for ferdel når isen har lagt seg.

Dette må ein leva med i framtida også. Synd, sidan ein god og sikker is kunne ha blitt nytta til mange fritidsføremål og også i næringssamanheng ville isen ha gjeve visse moglegheiter for dei som ville. Tenker då spesielt på vinterturismen.

Våren er ei spesiell tid då vatnet ligg langt nede og tilgangen er nær sagt umulig fram til vatnet er oppe ca 25. Juni . Det er ikkje noko vakkert syn hverken for fastbuande eller tilreisande.

Frå ca 25.juni og resten av sommaren er bruken av vatnet stort sett som før.

Eit tiltak som eg trur regulanten kunne ha gjort er å tilrettelegga EIN plass for båtar, bading og andre fritidsaktiviterer i sommarsesongen. Dette er eit tiltak som eg meiner Hydro Energi burde ha gjort for lenge sidan p.g.a. den sterkt reduserte bruken av vatnet som kom på 60-talet.

Når ein har eit vatn midt i bygda som er SÅ sterkt påvirka, burde regulanten hatt pålegg allerede då , at ein legg til rette og av bøter den ulempen det er , ved eit å laga EITT anlegg som heile bygda kunne ha nytte av.

Dette er mogleg å få til i og/ved utløpet av det gamle elveløpet på Seim. Det krev god planlegging, tillatelse av grunneigar , medverknad av bygdefolk m.m. Slik kunne ein ha fått til eit flott område for bading, båtliv, fiske og andre sommarsaktiviteter.

Eg veit at det allerede har blitt vurdert av regulanten, men det har ikkje blitt noko konkret og godt forslag av det enno.

Tiltak: Oppbygging av eit godt tilrettelagt område ved Røldalsvatnet , fortrinnsvis på Seim, som gagnar bygdefolk og Røldal som turistbygd.

3. Tilkomst til Valldalen – vinterstid.

Dette har vore eit stridstema over lang tid og har blitt forsterka av at ein ser at vintrane blir kortare og også gjennomgåande mildare enn før. Forset denne utviklinga, vil problemene med vinterferdsel innover Valdalen bli større og større. Dette må løysast på ein måte som gjev ei varig løysing på lang sikt.

Bygda Røldal skal truleg (?) leva med denne reguleringa til “evig tid”, så då må ein også tenke langsiktig...

Tilgangen til Valdalen er viktig både for grunneigerar og også like viktig for allmogen. Valdalen er tross alt den viktigaste innfallsporten til Hardangervidda i syd- vest, så “alle” treng ei betre løysing her , både sikkerhetsmessig og også stabilitet.

Tiltak : Tunnel frå toppen av Valdalsdammen og inn til innanfor(ca 2,5 km).

Dette vil gje ei varig løysing i den heimre delen av magasinet og gje ein sikker og stabil tilgang til store deler av dalen. Kva som kan gjerast av tiltak i den indre delen (gamle Valdalsvatn), er eg usikker på , men her er isen mykje meir stabil vinterstid , så det er mulig at det gjev ein trygg veg om vinteren.

Vinterveg langs vatnet innover er også eit alternativ, før isen har lagt seg skikkeleg ?

4. Næringsfond for Røldal.

I debatt i Stortinget , 18.februar 2021, vart dette med mulighetene for eit næringsfond nemnd og tatt med i vedtak som fekk fleirtal.

No er det slik at Røldal Næringsfond har eksistert sidan oppstart av Røldal-Suldal anlegga, etter vedtak i Stortinget . Dette som ein del av konsesjonsbetingelsene.

Røldal Næringsfond er imidlertid av ein slik størrelse at det ikkje gjev noko særleg musklar for store tiltak og investeringar i Røldals næringsversamheter. Sidan no Norsk Hydro og Lyse i kraft av Lyse Kraft DA har sikra seg konsesjon for “evig tid”, ein svært verdifull konsesjon etter mi meining og også bygdefolket si meining, vil det være på sin plass at Røldal Næringsfond blir forsterka monaleg slik at bygda får tilbake meir av den verdiskapinga som kraftregulanten har av naturen i Røldal.

Det er viktig å ha i minnet at ei slik kraftutbygging, med neddemming av ein heil stølsdal , ikkje ville ha blitt gjort om den kom 10 år seinare.....det er dei aller fleste einig om. Som nemnt, kraftregulanten Lyse Kraft DA skaper verdier av den naturen som Røldal og Suldalsområde har.

Naturen som har vore Røldal sin ressurs i fortid, nåtid og framtida, vart kraftig redusert den gongen på 60-talet. Dette er ein reduksjon som er evigvarande og nær uoppretteleg. Generasjonane som kjem etter oss i Røldal har ikkje dei mulighetene som ein uskipla og urørt natur vil gje.

Røldal som er ei fjellbygd, har fjellnaturen som den einaste ressursen. Me har lite dyrka mark, me har ikkje gran og furuskog, ikkje tilgang til sjøen og dei moglegheitene som det gjev av næringsutvikling.

Så difor meiner me i Røldal og det meiner me sterkt ; at bygda har ytt sin sjerv til utviklinga av Norge, med utbygginga på 60-talet. Kvifor skal me ikkje få att noko meir enn 10-15 arbeidsplasser og eit lite næringsfond ?

Sjølvsagt skal ei ikkje stikka under ein stol at kraftprodusenten også gjev gode arbeidsplasser i bygdene Røldal og Suldal, men desse er også usikre, ved at konsesjonen ikkje gjev nokon garantiar om desse aktuelle arbeidsplassane. No ved dette vegskillet, som ein ny konsesjon er , er tida for å staka ut ein ny kurs som gjev bygda moglegheit for å kunna utvikla seg på ein god måte

Difor meiner eg og mange i bygda at Røldal fortener og har bruk for eit solid og kraftfullt næringsfond inn i framtida, som kan vera med og kompensera for den skade og reduksjon som er gjort på naturressusene i Røldal.

Dette er egentlig småpenger for regulanten, men eit viktig signal til bygda frå storsamfunnet at me verdset det som bygda har ytt i 60 år og vil at bygda skal ha ei framtid som gjev håp om levedyktighet for kommande generasjonar.

Lars O. Seim- Røldal